

Arkivnr: 2018/16486-46

Saksbehandlar: Silje Lyngstad

## Saksframlegg

### Saksgang

Utvål	Saknr.	Møtedato
Partssamansett utval		13.05.2019

## Reglement for administrasjonsutvalet i Vestland fylkeskommune

### Samandrag

I FN-AU sitt møte 04.02.2019 vart det i PS 06/19 lagt fram sak om utarbeiding av reglement for folkevalde organ i Vestland fylkeskommune. Prosjektleiar sitt forslag vart samråystes vedteke og FN-AU tok saka til drøfting og orientering. Saka vart deretter lagt fram for fellesnemnda som melding den 14.02.2019.

I FN-AU sitt møte 26.03.2019 i PS 12/19 vart AU presentert for følgjande reglement:

- Reglement for administrasjonsutvalet
- Reglement for klagenemnd
- Reglement for medverknadsorgana

På denne bakgrunn legg no prosjektleiar fram reglement for administrasjonsutvalet for partssamansett utval (PSU) for eventuelle innspel til reglementet.

### Forslag til vedtak

Partssamansett utval gjer sin tilslutning til reglement for administrasjonsutvalet slik det ligg føre.

Rune Haugsdal  
prosjektleiar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

### Vedlegg

1 Reglement for administrasjonsutvalet

## Prosjektleiar, 08.05.2019

I FN-AU-sak 06/19 la prosjektleiar fram følgjande presentasjon av korleis eit reglement for administrasjonsutvalet skal utformast og samansettjast:

«Ny komml. § 5-11.Partssammensatte utvalg (administrasjonsutvalg)  
1. og 2. ledd.

«I alle kommuner og fylkeskommuner skal det opprettes ett eller flere partssammensatte utvalg (administrasjonsutvalg) for behandling av saker som gjelder forholdet mellom de ansatte og kommunen eller fylkeskommunen som arbeidsgiver. Hvis minst 3/4 av de ansatte ønsker det, kan slike utvalg erstattes med andre ordninger.

Partssammensatte utvalg settes sammen av representanter for kommunen eller fylkeskommunen og for de ansatte. De ansattes representanter velges av og blant de ansatte for to år av gangen. Flertallet i utvalget skal bestå av representanter for kommunen eller fylkeskommunen. Kommunestyret og fylkestinget velger selv kommunens eller fylkeskommunens representanter og utvalgets leder og nestleder blant disse.»

Det er vedteke at det skal vera eit eige administrasjonsutval. Det er og vedteke at likestilling, likeverd og mangfald skal ivaretakast av administrasjonsutvalet.

I Hordaland og Sogn og Fjordane er dette organisert svært ulikt. Hordaland har eit administrasjonsutval som er samansett av 5 politisk valde medlemmer(arbeidsgjevarrepresentantar) og 4 representantar for dei tilsette.

Sogn og Fjordane har eit hovudsamarbeidsutval som er eit kombinert samarbeids- og hovudarbeidsmiljøutval med 10 medlemer. Arbeidsgjevarrepresentantane er fylkesrådmannen og fire andre frå administrasjonen utpeika av fylkesrådmanen. I tillegg kjem hovudverneombod og 4 representantar for dei tilsette.

Prosjektleiar ser det som føremålstenleg at modellen frå Hordaland vert vidareført, då det er vedteke at det er administrasjonsutval ein skal ha.

Prosjektleiar tilrår at administrasjonsutvalet vert samansett med 6 folkevalde og 5 tillitsvalde representantar».

I FN-AU-sak 17/19 la prosjektleiar fram eit heiltaleg reglement for administrasjonsutvalet og det blei i saka gjort greie for følgjande:

«Administrasjonsutvalet sitt arbeidsområde er saker som gjeld tilsetnings- og arbeidsvilkår for dei tilsette i fylkeskommunen. Utvalet skal handsama saker som gjeld tilhøvet mellom fylkeskommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette.

Samansettinga av utvalet er gjort i samsvar med vedtak gjort av FN-AU i sak 6/19 kor utvalet skal ha 11 medlemmar kor 6 er representantar for arbeidsgjevar og 5 er representantar for dei tilsette. Vidare er utvalets mandat er delt opp i tre delar og skil mellom saker kor utvalet har avgjerdsmynde, rådgjevande rolle og andre oppgåver. Prosjektleiar vil framheva at det under punkt 2 a kulepunkt 4 er innarbeida avgjerdsmynde i saker og spørsmål om likestilling, likeverd og mangfald slik det blei vedteke i 6/19.

Prosjektleiar rår til at reglementet godkjennast av FN-AU slik det ligg føre.»

På bakgrunn av administrasjonsutvalet samansetting ser prosjektleiar det som naudsynt at reglementet handsamast også av partssamansett utval for å sikre at alle relevante omsyn er ivareteke.

Prosjektleiar ber om at partssamansett utval gjer sin tilslutning til reglement for administrasjonsutvalet slik det ligg føre i denne saka.